

# Gigantisk asketre laga pinnevæd av 100 år gammalt eldhus

**Eit gammalt eldhús på Røssland blei natt til torsdag knust av eit stort tre som rotvelta i stormen: – Heldigvis velta det riktig veg, seier eigaren.**

HÅVARD RØYRVIK  
haavard@kvinnheringen.no

Det var eit sørgeleg syn som møtte Sigrid Røsselstad og mannen torsdag føremiddag, etter turen over frå Stord, der dei bur. Ein nabo varsle eigarane om at eldhuset på familiegarden var totalskadd etter at eit stort tre hadde velta over det.

Heldigvis var det ingen i huset, som til dagleg står tomt. Eldhuset har vore på familiegarden sidan det blei sett opp rundt 1900.

– Det var eit veldig trist syn. Nyleg fekk det nytt tak, og for to år sidan ny bakvegg. Vi har vore opptekne av å halda det ved like, seier Sigrid til Kvinnheringen fredag, og legg til:

– Vi må prøva å bygga det opp att. Det er jo det som gjer tunet fint.

– Men de kan vel vera glade for at det ikkje velta andre vegen?

– Kan tru vi har tenkt på det. Tenk om treet hadde velta den veggen, og nokon låg og sov der. Det er mange store tre på området. Når eitt først skulle falla, var det betre at det datt over eldhuset og ikkje huset.

Området i Korsvegen er no sperra av, og treet ligg trygt, fortel Sigrid.

– Eg blei redd for at det kunne vippa tilbake, men eg har fått forsikringar om at det er trygt. I neste veke skal det fjernast.



**KNUST:** Dette synet møtte eigarane frå Stord på familiegarden på Røssland, torsdag føremiddag etter uværet.

## «Snakkast på fjorden»



**SAMKØYRD ROING:** Skuleelevar frå Sunde samkjørde åretaka for å få god og rytmisk fart på robåten. (Foto: Kjell Magnus Økland)

På Sunde fekk skuleelevar testa ferdighetene sine i samkjøyd roing under opplegget «Snakkast på fjorden».

HILDE ELISE FØRDE-TISLEVOLL  
hilde@kvinnheringen.no

Torsdag førre veke arrangerte Kystsogevekene i samarbeid med FN-sambandet «Snakkast på fjorden» for skuleelevar på

Sunde. Dagen etter var dei i Rosendal med same opplegg.

– Dagens ungdom er flinke i idrett som for eksempel fotball og handball, men dei er ikkje vande med å bruke kroppen til arbeid, fortel pådrivar Kjell Magnus Økland frå Kystsogevekene.

I ein robåt skulle elevane læra seg at når dei rodde i takt, fekk dei større fart i sjøen. Målet var at elevane på denne måten skulle læra seg å samarbeida, og at gjennom samarbeid kunne dei få kontroll og riktig god fart på

robåten gjennom felles åretak.

– Lærdommen tek dei forhåpentlegvis med seg til andre arena seinare i livet, fortel Økland.

Det store høgdepunktet for dagen kom til slutt då elevane i to robåtar blei samla til kapproing.

– Ein såg fort at kontrollerte åretak blei meir urytmiske på lik linje med at iveren etter å vinna blei større, men det heile var ei fin avslutning på ein lærerik dag, seier Økland.

## Basar for Ma'Ma Children Senter

**Fredag 28. september er det klart for den årlege basaren i Valen kyrkje til inntekt for hjelpearbeid på Filippinene.**

JONN KARL SÆTRE  
jonn.karl@kvinnheringen.no

Ma'Ma Children Senter of Norway, driv barnehjem, sjukehus og eldresenter utanfor Manila på Filippinene. Organisasjonen har også matprogram på søppelhaugar, sponsrar skulegang for fattige einskildelever og driv organiserte fengselsbesøk, fortel Ove Tvedt som brenn for Ma'Ma sitt arbeid.

– Det trengs heile tida pengar

til drift og det we Ma'Ma si lokalgruppe i Kvinnherad som arrangerer basaren, opplyser Tvedt.

Som kjent har både Ove Tvedt og kona Grete Tvedt jobba frivillig for Ma'Ma Children Senter på Filippinene ved fleire høve.

– Vi reiser igjen 1. november og blir der til jul. Reisa kostar vi sjølve, berre så det er sagt. 95% av midlane organisasjonen samlar inn går til hjelpearbeidet – den resterande prosenten går berre til lovpålagde oppgåver som rekneskap, revisor og eit informasjonsblad, forsikrar Tvedt.

Han kan også forsikra at hjelpearbeidet er svært kjærkome blant dei fattigaste av dei fattige.

– Det er eit veldig givande og meiningsfullt arbeid, og folka der nede er utruleg gjestfrie og kjekke å vera blant. Kvar krone kjem godt med og rekkt langt.

Basaren kan lokka med flotte gevinstar gitt av rause bedrifter og privatfolk i Kvinnherad.

– Og ei gruppe filipinske kvinner som er busette her i Kvinnherad vil selja filippinsk mat og by på filippinsk song, fortel Tvedt.

Den same kvinnegruppa var også i aksjon med matsal for Ma'Ma under Husnesdagene.

– Alle som vil er velkomne til basar fredag kveld, helsar Tvedt.



**LAGAR MAT:** Denne gjengen skal laga filippinsk mat til arrangementet i Valen kyrkje. Bildet er frå Husnesdagane der dei også selde mat til inntekt for Ma'Ma Children Senter of Norway.